

Jubileumsåret vert avrunda med julekonsert i Uskedal kyrkje, torsdag 6. desember kl. 19.30.

03.12.2018



Røysterett for Alle avrundar jubileumsåret med eigen julekonsert i Uskedalen og i Ølve.

**Blandakoret Røysterett for Alle i Uskedalen har feira 30-årsjubileum i år, og som den siste av ulike markeringar gjennom året, vil feiringa verta runda av med to julekonsertar - 6. desember i Uskedal kyrkje, og 13. desember i Ølve kyrkje.**

Maria Malmsten frå Stord har vore vår dyktige og inspirerande musikalske leiar dei siste 13 åra. Ho har tilført koret svært mykje, og me har hatt store musikalske opplevingar med henne både her til lands og i utlandet.

Me har difor omsider manna oss opp til å stå for ein julekonsert sjølv, ikkje berre vera eit innslag noko ein melder seg på til. Korstoffet i konserten femner både gamalt og nytt, noko kjent og tradisjonelt, noko mindre kjent og ikkje så vanleg. Ikkje alt er direkte julestoff, men høver likevel godt i ein samanheng som denne.

Til å akkompagnera på klaver har me fått Frode Kaldestad, ein muskar me har nytta ved mange høve, og som har vore med oss i mange musikalske oppsetjingar tidlegare.

For at det ikkje berre skal verta korsong, har me vore så heldige at gitaristen Einar Steinkopf og saksofonisten Fridar Malmsten Steinkopf stiller med eiga avdeling i baa konsertane.

Me trur det skal verta ei triveleg stund, og rår så mange som mogleg til å unna seg eit lite avbrekk i ei travel julestri.

Tekst: Svein Rimestad  
Foto: Atle Helland  
Nett: Kristian Bringedal